

Søknad om stipend til skolepengar for elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar

Det er viktig at du les informasjonen på side 2 i skjemaet.

Hugs å sende inn ein [søknad om stipend og lån på Dine Sider på www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no), dersom du ikkje har gjort det.

1 Personlege opplysningar		
Kundenummer i Lånেকassen		Fødselsnummer (11 siffer)
Etternamn		Fornamn og mellomnamn
Adresse (i Noreg)		Postnummer/-sted
2 Lærestad og skolepengar		
Namn på lærestaden		Utdanningsprogram/klasse
Skolepengar per år (i den valutaen du betaler skolepengane)	Oppgi valuta	Får du støtte frå andre til betaling av skolepengar? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (legg ved stadfesting som viser beløpet)
3 Underskrifta til søkaren		
Eg stadfester at dei opplysningane som er gitt i søknaden, er rette.		
Stad/dato		Underskrift
4 Underskrifta til foreldre/føresette (for søkar under 18 år)		
Eg/vi stadfester at dei opplysningane som er gitt i søknaden, er rette.		
Stad/dato		Underskrift
5 Stadfesting frå skolen i Noreg (sjå også informasjon på side 2)		
Skolar i utlandet skal ikkje fylle ut punkt 5. I staden skal søkaren legge ved ei stadfesting frå skolen i utlandet som viser kor mykje han/ho betaler i skolepengar.		
Vi stadfester at søkaren er elev og betaler skolepengar som oppført i punkt 2.		
Stempel og underskrift		

Skjemaet sender du til Lånেকassen, Postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo. Du kan også laste det opp på Dine Sider.

Stipend til skolepengar for elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar

Er du elev ved ein utanlandsk eller internasjonal vidaregåande skole i Noreg eller i utlandet, kan du få stipend til delvis dekning av skolepengane. Vilkåret er at du tar utdanning som gir rett til støtte frå Lånekassen, og at skolepengane ikkje er dekte av andre. Tar du ei utdanning ved ein skole som får statstilskot frå Noreg, for eksempel ein av dei norske skolane i Spania, kan du likevel ikkje få stipend til skolepengar.

Dette stipendet går berre til å dekke skolepengar, det vil seie studieavgift og andre obligatoriske avgifter i samband med undervisninga. Andre utgifter, som for eksempel programavgifta til ein utvekslingsorganisasjon, blir ikkje rekna som skolepengar.

Så mykje kan du få

Du kan få stipend til å dekke inntil 85 prosent av dei faktiske skolepengane, men ikkje meir enn 96 619 kroner for studieåret 2020–2021.

Det blir berre gitt stipend til skolepengar som du faktisk betaler. Dersom du får dekt heile eller ein del av utgiftene til skolepengar av andre, må du legge ved ei stadfesting som viser kor stort beløp du får dekt. Får du skolepengane fullt ut dekt av andre, har du ikkje rett til dette stipendet. Får du skolepengane delvis dekt av andre, kan du få mellomlegget.

Stipendet blir utbetalt saman med den første utbetalinga til kontoen din kvart halvår.

Les om vilkåra for dette stipendet i § 66 i [forskrifta om utdanningsstøtte på www.lanekassen.no/forskrifter](#).

Stadfesting frå skolen i punkt 5

Dersom du er elev ved ein internasjonal skole i Noreg, skal skolen stadfeste skolepengebeløpet i punkt 5. Søknaden leverer du på skolen.

Dersom du er elev ved ein skole i utlandet, må du legge ved dokumentasjon frå skolen som viser kor mykje du skal betale i skolepengar. Det er ikkje nødvendig at du får stadfesting frå skolen i punkt 5.

Hugs å sende inn søknad om stipend og lån i tillegg

Du kan få dette stipendet berre dersom du tar utdanning som gir rett til stipend og lån frå Lånekassen. For at Lånekassen skal kunne vurdere stipend til skolepengar, må du derfor sende inn ein nettsøknad om stipend og lån, dersom du ikkje allereie har søkt. I tillegg må du fylle ut og sende inn dette skjemaet. Du kan [lese meir om stipend og lån til vidaregåande opplæring i utlandet på www.lanekassen.no/vg-utland_nn](#).

Søknadsfristar

Fristen for å sende inn søknad om stipend og lån er 15. november 2020 for hausten og 15. mars 2021 for våren. P-skjemaet må vere komme inn til Lånekassen før perioden du har søkt om stipend og lån er avslutta.

Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. [Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn](#).